



Innkalling til Valstyret

Møtedato: 02.03.2016
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: Etter møte i formannskapet

Medlemmene i valstyret vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er på forfallskjema på kommunen si heimeside , slik at varamedlem vert innkalla.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenderet. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengeleg på dokumentsenderet.

Sakliste

Saknr	Tittel
01/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
02/2016	Fastsetjing av røystetid og røystestader ved folkerøysting
03/2016	Fastsetjing av tid og stad for utlegging av manntal
04/2016	Fastsetjing av tid og stad for førehandsrøysting
05/2016	Fastsetjing av tid og stad for førehandsrøysting på institusjon
06/2016	Fastsetjing av frist for å framsetje krav om å få røyste til ambulerande røystemottakar
07/2016	Godkjenning av røystesetlar

11. april 2016

Øyvind Oddekalv
ordførar

Randi Helene Hilland
konsulent

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		16/550

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
01/2016	Valstyret	PS	02.03.2016

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 016	16/545

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
02/2016	Valstyret	PS	02.03.2016

Fastsetjing av røystetid og røystestader ved folkerøysting

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i møte 10.02.16 at det skulle haldast folkerøysting om kommunestruktur måndag 23. mai. Kommunestyret vedtok også at det skulle vere folkerøysting i dei same krinsane som ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015.

Røystestader:

Flatøy krins	Flatøy skulehus
Grasdal krins	Grasdal skule
Sagstad krins	Meland Aktiv
Vestbygd krins	Vestbygd skule
Rossland krins	Rossland skule
Husebø krins	Husebø bedehus

Vurdering

Røystetid handlar både om høve for veljarane til å kunne røyste, og kor mange røysteføre det er i krinsen. For dei minste krinsane meiner administrasjonen at det er forsvarleg med litt avgrensa røystetid.

Framlegg til vedtak:

«Røystestader:		Røystetid
Flatøy krins	Flatøy skulehus	kl. 14:00 – 18:00
Grasdal krins	Grasdal skule	kl. 14:00 – 20:00
Sagstad krins	Meland Aktiv	kl. 14:00 – 20:00
Vestbygd krins	Vestbygd skule	kl. 14:00 – 20:00
Rossland krins	Rossland skule	kl. 14:00 – 20:00
Husebø krins	Husebø bedehus	kl. 14:00 – 18:00»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 016	16/546

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
03/2016	Valstyret	PS	02.03.2016

Fastsetjing av tid og stad for utlegging av manntal

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Etter vedtak i kommunestyret 10.02.16 om at det skal haldast folkerøysting om kommunestruktur vart det sendt tinga til Skatt Vest om utskriving av manntal.

Det vart tinga alfabetisk utleggingsmanntal for personar fødd til og med år 2000. Skjæringsdato vert sett til 01.03.16 for å få med flest mogeleg tilflyttarar.

Valstyret skal leggje manntalet til offentleg ettersyn så snart det let seg gjere. Manntalet skal liggje ute til og med dagen for folkerøysting.

Valstyret skal kunngjere tid og stad for utlegging av manntal og opplyse om adgangen til og framgangsmåten for å krevje feilen retta.

Rådmann har delegert til valstyret å vurdere utsending av valkort. Ved kommune- og fylkestingsvalet og stortingsvalet er valstyret pålagt å sørge for at det vert sendt ut valkort til alle med røysterett i kommunen. Ved folkerøysting er det usikkert om ein er pålagt å sende ut valkort. Administrasjonen har teke kontakt med fylkesmannen og kommunal og moderniseringsdepartementet og avventar svar på dette.

Dersom ein skal sende ut valkort inneber det ein stor kostnad, både trykking av valkort og ikkje minst portoutgifter.

Framlegg til vedtak:

«Valstyret godkjenner at manntal for alle kretsane vert lagt ut på følgjande stader:

Rådhuset på Frekhaug
Frekhaug Bibliotek
Rossland Bibliotek

Manntalet skal leggjast ut til offentleg ettersyn så snart det let seg gjere og skal liggje ute til og med dagen for folkerøysting.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 016	16/548

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
04/2016	Valstyret	PS	02.03.2016

Fastseting av tid og stad for førehandsrøysting

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i møte 10.02.16 at det skal leggjast til rette for å førehandsrøyste i perioden 09.05.16 – 20.05.16. Førehandsrøystinga vert i resepsjonen på rådhuset.

Kommunestyret delegerte fullmakt til å utarbeide prosedyre for postrøysting i same periode. Vallova § 8-2 fjerde ledd og valforskrifta § 28. regulerer brevstemming. Ved kommunestyre- og fylkestingsval og Stortingsval gjeld dette berre utanlandske veljarar. Veljarar som oppheld seg i Noreg kan røyste på førehand der dei oppheld seg.

Ved folkerøysting er det berre i Meland det er høve til å røyste.

Valstyret må difor ta stilling til om ein skal opne opp for at veljarar som ikkje har høve til å oppsøkje ein røystemottakar for å levere røyst, på denne måten kan levere røyst ved brev utan at ein røystemottakar er til stades ved røystegjevinga.

Dersom vallstyret godkjenner postrøysting, må informasjon om dette leggjast ut på heimesida til kommunen.

Vurdering

Ein ser det som naudsynt å ha utvida opningstid for førehandsrøysting nokre dagar i veka før folkerøystinga.

Framlegg til vedtak:

«Valstyret godkjenner at førehandsrøystinga skal føregå i

Resepsjonen Meland rådhus på Frekhaug

måndag 9. mai – fredag 13. mai kl. 08:00 – 15:30

onsdag 18. mai og torsdag 19. mai kl. 08:00 – 19:00

fredag 20. mai kl. 08:00 – 15:30.

Valstyret godkjenner/godkjenner ikkje at det skal være mogeleg å avgje brevstemme.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 016	16/552

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
05/2016	Valstyret	PS	02.03.2016

Fastsetjing av tid og stad for førehandsrøysting på institusjon

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i møte 10.02.16 at det skulle haldast folkerøysting om kommunestruktur. Det vart også vedteke at det skulle leggjast til rette for førehandsrøysting. Førehandsrøysting kan føregå på institusjon jf vallova § 8-3, pkt 2.

Bebuarane i omsorgsbustadane på Vikebø kan røyste ved ambulerande røysting. Dette er ei ordning som har fungert godt og som vi kan vidareføre ved folkerøysting.

Framlegg til vedtak:

«Valstyret godkjenner at førehandsrøysting skal føregå på

Meland sjukeheim onsdag 11. mai kl. 10:30 – 12:30.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 016	16/554

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
06/2016	Valstyret	PS	02.03.2016

Fastsetjing av frist for å framsetje krav om å få røyste til ambulerande røystemottakar

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i møte 10.02.16 at det skal opnast opp for å røyste på førehand i perioden 09.05.16 – 20.05.16.

Veljarar som på grunn av sjukdom eller rørslehemming ikkje kan røyste der det vert halde førehandsrøysting eller på valdagen, kan etter søknad til valstyret førehandsrøyste der dei oppheld seg jf. Vallova § 8-3, sjette ledd.

Framlegg til vedtak:

«Valstyret godkjenner at frist for å framsetje krav om å få røyste til ambulerande røystemottakar vert sett til

Torsdag 12. mai 2016.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 016	16/570

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
07/2016	Valstyret	PS	02.03.2016

Godkjenning av røystesetlar

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret har delegert til valstyret i møte 10.02.16 endeleg utforming av røystesetlar. Rådmann har skissert to alternativ:

- a. Ein røystesetel der det kan kryssast av for anten JA eller NEI (Let ein vere å setje kryss tel den som blank stemme).
- b. Ein røystesetel med JA, ein med NEI og ein blank.

Rådmann peikar på føremonane ved alternativ a). Vi treng færre røystesetlar ved dette alternativet. Dette vil verte både rimelegare og meir praktisk.

Ved alternativ b) unngår ein tvil om kva alternativ det er kryssa for. Utforming av røystesetelen vil elles vere avhengig av røystealternativ t.d. fleire alternativ enn i intensjonsavtalen.

Framlegg til vedtak: